

# SOGNDAI

kyrkjelydsblad

INFORMASJON



Nr. 11 mars 2022 | 50. årgang



God påske



### Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Postadresse:  
Sogndal kyrkjelydsblad,  
Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse:  
Stedjetunet, 2. etasje  
Kyrkjevegen 6  
6856 Sogndal

Bankgiro: 3705.19.42087

Telefon kyrkjekontoret: 57 67 99 85,  
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:  
[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

Facebook og Instagram:  
Kyrkja i Sogndal

Grafisk:  
Ingvald Husabø Prenteverk as

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune med unntak av Leikanger sokn. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i midten av juni. Stoff kan sendast til post@sogndal.kyrkja.no innan 13. mai.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,  
kr. 400,- for abonnentar.

### ANDAKT:

## Eg har lengta inderleg

Dei fleste av oss kjenner til ordet lengsel. Det kan vere mange ting ein lengtar etter: kanskje du akkurat no lengtar etter påska, med nokre fridagar, med håp om sol, skitur eller berre setje seg ned for å slappe av med ei bok. Eller kanskje mest av alt; at du kan møte nokon som du ikkje har fått vore saman med dei siste åra på grunn av pandemien.

For om lag 2000 år sidan var det også mange av jødane som såg fram til påskefeiringa. Skjærtorsdag var ein stor kveld for dei. Dette var den kvelden dei skulle minnast fridom frå slaveriet i Egypt. Den kvelden alt endra seg for dei. Dei hadde slakta påskelammet og gjort seg klare for å flykta frå slaveriet. Det var denne feiringa Jesus og læresveinane gjekk inn i, denne påska for 2000 år sidan.

Alle førebuingane var unnagjort, Jesus og venene er klare til å feire og minnast. Det er då Jesus går til bords og seier desse orda: «Eg har lengta inderleg etter å eta dette måltidet i lag med dykk før eg skal lida.» (Luk 22, 15)

Kanskje desse orda får stor betydning for oss denne påska. Då tenker eg på at det har vore vanskeleg å samlast med dei ein er glad i, no når me har hatt alle restriksjonane, også på kor mange me kunne vere når me ville samlast i lag. No kan me mest sannsynleg få

ta kvarandre i hendene, gi ein klem, eller samlast rundt bordet for eit godt måltid i lag. Det me har lengta etter desse to åra kan no bli ein realitet. Me lengtar så inderleg...

Den natta jødefolket fór ut frå Egypt, skjedde det noko nytt. Det gjorde det òg då Jesus og læresveinane sat samla rundt påskemåltidet i Jerusalem. No fekk dei gamle skikkane nytt innhald. Brødet vart kropp og vinen vart blod. Guds kropp og blod som bind oss saman til eitt. Eitt fellesskap på tvers av alt som skil oss, alt som skaper avstand, uusemjø eller strid.

Om mykje kan skilje os, så står dette fast: Påskeunderet er at me tross alt, likevel høyrer saman. Jesus oppretta eit fellesskap gjennom dette måltidet med læresveinane. Det skal vere eit fellesskap som bind oss saman når me ikkje ser kvarandre, ja endå til om me sårar kvarandre, eller har vanskar med å respektere kvarandre, så skal Jesus binde oss saman med sin kjærleik. Den kjærleiken som gang på gang vil skape noko nytt i oss, ein kjærleik som overgår den kjærleiken me kan gi kvarandre, ein kjærleik som er størst av alt.

**Helge Torstad**  
prestevikar

### Foto på framsida:

Stort biletet:  
Frå håpsvandringa – Via Lucis.  
Illustrasjon: © Magne V. Kristiansen 2022

Små biletet:  
Verda faldar hendene for Ukraina.  
Illustrasjonsfoto: Pixabay

Hugs fasteaksjonen torsdag 5. april.  
Foto: Kirkens Nødhjelp

# Frivilligåret 2022

Frivillige sin innsats og den store betydninga frivillige sin dugnad har for fellesskapet og for dei oppgåver som skal gjennomførast, vert løfta fram i år! Frivillige sitt bidrag er ofte avgjeraende for at aktivitetar og tilbod skal kunne drivast, både i kyrkjeleg samanheng, innanfor idrett, musikk og kultur.

Frivilligkeit kan skildrast på to ulike vis, som ikkje utelukkar kvarandre:

1) som noko instrumentelt; det vil sei definerte oppgåver med ei viss ramme og rutine.

Til dømes har vi lister over dei som er kyrkevertar, medliturg og kyrkjekaffivert.

2) som noko organisk; det vil sei at utgangspunktet for det frivillige arbeidet er hos den frivillige sine ressursar, evner og ynskjer. Den frivillige formar sitt engasjement ut frå kven han eller ho er, i samarbeid med andre eller tilsette. Døme på dette er tilbodet i Stedje, på initiativ av frivillige, med «Stille kveld» og «Refleksjon og stille bøn».

I kyrkjeleg samanheng er begge desse formane for frivillig arbeid etterspurt og ønska.

Du er velkommen til å ta kontakt for å drøfte idear eller har spørsmål om kyrkja sitt frivillige arbeid!

## Kva vil du gjere som frivillig i kyrkjelyden?

Tenesta som diakon i ein kyrkjelyd, og det diakonale arbeidet i kyrkjelyden, har sin bakgrunn i, og er like gamal, som dei bibelske tekstane er. Diakoni er trua sine gode gjerningar, og særleg retta mot menneske, din neste, som treng hjelp eller støtte.

Såleis er diakoni evangeliet i handling. Ein diakon har tilrettelegging for slikt arbeid som sitt ansvar i kyrkjelydane. Allmenn diakoni er dèt som alle menneske i ein kyrkjelyd er kalla til – diakoni og omsorg skal vise seg gjennom alt kyrkjelydsarbeid.

Kan du tenke deg å bidra i diakonalt frivillig arbeid i kyrkjelydane i Sogndal?:

- Er det noko du har lyst å gjere, lage til, etablere eller ta ansvar for, som samsvarar med det du kan, dine ressursar og evner, og som du likar godt?
- Har du lyst å vere med i det frivillige arbeidet som allereie har definerte oppgåver, som medliturg, kyrkevert, kyrkjekaffivert og anna?

Jesus er ein læremeister og det

beste forbildet for oss: han gjorde det han forkynte fordi han er glad i alle menneske. Han hjelpte dei som trong det, og avviste ingen. Han leiter etter den eine mellom dei hundre, og spør; "Kva vil du at eg skal gjera for deg?"

Det største bodet frå Jesus er at vi skal elske vår neste som oss sjølv. "Ha inga skuld til nokon, anna enn det å elska kvarandre!" (Rom.13.8.) Korleis skal vi gjere det? Diakonalt arbeid er lada med godord: Respekt, omsorg, trøyst, hjelp, oppmuntring, løysningsorientering, gi tid og gi håp, og peike på Jesu kjærlek til oss alle.

Vi kan sjå den andre og vise at vi bryr oss.

Gud elska oss først – og vi skuldar å elske vår neste. Vi kan vere til

stades i den andre sitt liv som ein medvandrar. Det du kan gjere for den eine, kan bety ein forskjell og bli eit vendepunkt i livet. Og vi skal aldri gløyma at neste gong er det kanskje ein sjølv som treng ein støttespelar.

Ta gjerne kontakt:

- om du tenkjer på at du har lyst å vere med meir aktivt i kyrkjelyden.
- om du har ein god ide til noko vi kan starte opp med
- om det er noko du saknar av tilbod i kyrkjelyden

**Gitte Therkelsen Torstad**

Diakon

diakon@sogndal.kyrkja.no  
tlf. 97416519

### Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt bilete eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet? Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan stofffristen for kvart enkelt nummer.

Sogndal kyrkjelydsblad, utgjevingsplan 2022

**Nr 2-22 - Sommar**

Stoff-frist 13. mai

Utgjeving midten av juni

**Nr 3-22 - Haust**

26. august

Sluttent av september

**Nr 4-22 - Jul**

4. november

Byrjinga av desember



# Nytt frå fellesrådet

## Aktivitet igjen!

No er det slutt på koronarestriksjonane! No kan me halde fram med aktiviteten vår slik som før! Det var mange blide fjes å sjå då denne nyheita kom! Framleis er det smitte ute i samfunnet, men med sunn fornuft kan me likevel samlast. Dette gjer det SÅ mykje enklare å drive med aktiviteten vår i kyrkja, og er veldig gledeleg!

Dette gjer det også mogleg å arrangere fleire konserter framover, og det er planlagt både songseminar, kafékonsert og orgelkonserter framover. Så det er mykje å gle seg til!

## Nye tilbod

Eit nytt ungdomskor har også starta opp no i vår. Dette er spennande og noko me håpar skal bli eit flott nytt kulturtilbod for heile regionen. Dei vil ha øvingskveldar på Stedjetunet, og vil vere eit ope tilbod for alle unge.

Ei sorggruppe for unge vaksne er også i gang. Noko me håpar skal vere eit godt og nyttig tilbod for alle som treng det. Ei sorggruppe er ein stad der ein kan få møte andre som er i tilsvarende situasjon, ein stad for både gråt og latter – og ein stad for fellesskap.

Torsdagssklubb er eit nytt tilbod som særleg er for menneske med psykisk utviklingshemming. Dette er sosiale samankomstar med fokus på song, bevegelse og musikk.

## Prosjekt

**Leikanger kyrkje:** Brannsikringa av Leikanger kyrkje stod ferdig til nyttår, og dette vil gi oss ein større tryggleik for bevaring av ei flott kyrkje. Dette prosjektet førte også til ei lita ombygging av sakristiet innvendig. Der er det mellom anna kome eit eige teknisk rom for brannsikringsanlegget. Inne i sjølve

sakristirommet har me fått sett inn skåp og benkeplate med vask. Dette vil føre til betre arbeidsforhold både for dei tilsette og ikkje minst for dåpsbarna og andre brukarar av rommet.

På Leikanger kyrkje arbeider me også med å få utbetra det elektriske anlegget, og dette vil bli utført no i vår. El-tavler blir utbetra og noko nytt leidningsnett vil bli lagt opp. Det gamle ringeanlegget var også utslite etter mange års bruk, og dette vart skifta ut til jul. Det gamle var i ustand slik at det berre gjekk ann å ringe med den eine klokka. No har me fått lyd i begge klokkene, og det var flott å få dette på plass til høgtidsringinga i jula.

**Nye røyromnar i koret** fekk me også på plass, og dette håpar me vil hjelpe på varmen i kyrkja på kalde dagar. Me har fått noko midlar frå Riksantikvaren til desse arbeida, og resten klarte me å finne lokal finansiering på.

I samband med brannsikringa vart det også opna opp ein vegg på gangen utanfor galleriet. Her dukka det opp ei uventa julegåve, for inni veggen stod det gamle spiret som pryda tårnet tidlegare. Det var heilt ukjent for oss at dette stod inne i veggen. Det vart truleg plassert der i samband med ombygginga av kyrkja på 1950-talet.

**Kvamsøy kyrkje:** På Kvamsøy fekk me sommaren 2020 laga ein tilstandsrapport for kyrkja. Den viste ein del manglar og behov for vedlikehald. Me har vore så heldige å få litt midlar til dette vedlikehaldet frå Riksantikvaren, og resterande kostnader prøver me å løyse med bruk av lokale midlar. Mellom anna treng taket utskifting av knekte takstein og utbetring av lekkasje, og ein del roteskader på utvendig treverk treng å bli sett på, samt



noko målingsarbeid på vindskier og takrenner m.m. Heile kyrkja treng også å bli kalka utvendig. Målet er å få utført dette arbeidet i vår og sommar.

**Stedje kyrkje:** Mange har truleg sett at det er eit stort vedlikehaldsbehov på Stedje kyrkje. Fellesrådet har eit ynskje om å prioritere vedlikehaldet her, men ser at omfanget truleg vil gjere det slik at ein må ta det i fleire omganger. Behovet er stort på fleire områder – både tak, vindauge, murar og veger, og me vil prøve å prioritere det som hastar mest. Sogndal kommune har i år løyvd ein del midlar til dette vedlikehaldet, og mykje vil bli tatt utover våren og sommaren her.


Det er elles planar om mindre vedlikehald og tiltak på fleire av kyrkjene og gravplassane våre framover.

Når du får bladet i handa er påsken like om hjørna. Påsken er ei stor høgtid i kyrkja og mange gudstenester er planlagde for høgtida. Håpar å sjå deg på ei eller fleire av desse!

Venleg helsing  
Sogndal kyrkjelege fellesråd

*Jorunn Merete  
Haukås-Eide*

Kyrkjeverje i Sogndal



*Det gamle spiret på  
Leikanger kyrkje, vart  
funnen inne i ein vegg i  
samband med arbeidet  
med brannsikring.  
Foto: Kyrkja i Sogndal*



Måleri av ukjent prest, måla av ukjent malar. Foto: Kyrkja i Sogndal



Måleri av presten Erik Iversen Nordal.  
Kjelde: Wikipedia



Måleri av Lene Splidsdatter, andre  
kona til Erik Iversen Nordal. Foto:  
Kyrkja i Sogndal

## Elias Fiigenschoug og måleria i Leikanger

**Elias Fiigenschoug (ca. 1600- ca. 1665) var ein norsk målar, truleg ein av dei mest betydelege i barokken.**

Han er truleg fødd i København, men budde og verka i Bergen frå ca. 1630 – 1660. Han gjekk mest sannsleg i lære i Amsterdam, der det er kjent at han hadde kontakt med leiande kunstnarkretsar. Portrettstilen hans er typisk nederlandsk, og har ein klar og nøktern verdigheit. Det heng måleria av Fiigenschoug både i Mariakirken

i Bergen, i Innvik kyrkje og i Ulvik kyrkje med fleire. Bergen Museum og Bergen billedgalleri har også måleria av Fiigenschoug. Det første eigentlege landskapsmåleriet i Noreg er Fiigenschoug sitt prospekt av Halsnøy kloster frå 1656. Han har måla fleire presteportrett, kvinneportrett, mannsportrett og epitafier, og nokre av desse finn me altså i Leikanger kyrkje!

Eit epitafium er ei minnetavle. Den er gjerne utskore i tre, måla i fleire fargar med både tekst og avbildingar av personar, religiøse symbol, bumerke og våpenskjold. Dei fleste er frå 1600-1700 talet og

til minne om geistlege personar.

Elias Fiigenschoug har måla tre av dei fire måleria i Leikanger kyrkje. Det fjerde måleriet er av ukjent målar og også av ukjent prest.

Det mest kjente måleriet av dei som heng i Leikanger kyrkje er truleg det av presten Erik Iversen Nordal. Han var prest i Leikanger frå 1618-1658, og vart måla av Elias Fiigenschoug i 1641.

Fiigenschoug måla også kona til sokneprest Erik Iversen Nordal. Dette måleriet er også datert til 1641, og dermed måla samstundes



Epitafium av presten Jens Bugge og kona Kristine Dorothea Scjeldrup. Kjelde: Wikipedia

## Leikanger kyrkje

som måleriet av prest Nordal. Kona heiter Lene Splidsdatter og var sokneprest Erik Nordal si kone nummer to. Ho var mor til 10 born.

Portrettet av presten Jens Bugge og kona Kristine Dorothea Schjeldrup vert rekna som eit epitafium. Det er måla av Elias Fiegenchoug i 1661.

Det er ei innskrift i bildefeltet, men det er ikkje så lett å tyde. Det står: Dorothea et(?) torris (?) nono lani fVlt Vxor Bergæ. ReX(?) aMios(?) hos qVoqVe loVal(?) IVVa. NAT(US) 1640 (?) (....) NATUS 1631 2 Martis.

Jens Samuelsen Bugge var sokneprest i Leikanger frå 1658 til 1684. Etter han vart sonen Samuel Jensen Bugge prest i Leikanger, men først var han personalkapellan under faren frå 1683 til 1685. Jens Samuelsen Bugge var fødd i 1631 som son av soknepresten i Nordfjord, Samuel Hansen Bugge. Han hadde eksamen frå Bergen skule og sidan teologisk eksamen frå Sorø i 1654 (der professorar frå universitetet i København hadde trekt seg tilbake på grunn av pest).

Kva som er bakgrunnen for at heile tre måleriar av Fiigenschoug heng i Leikanger kyrkje veit me ikkje, men

Fiigenschoug heldt til i Bergen i fleire år. Det har alltid vore mykje kontakt mellom Bergen og Sogn, så noko av forklaringa ligg kanskje der.

Mange har lurt litt på kva måleri det er som heng i Leikanger kyrkje. Nokre likar dei, medan andre gjerne såg at dei vart tekne bort. No har du i alle fall fått vite litt meir om tre av dei, og så kan du jo vurdere sjølv om du likar dei eller ikkje. Det er i alle fall ein kjent kunstnar som står bak dei.

**Jorunn Merete  
Haukås-Eide**  
Kyrkjeverje i Sogndal

# ST. OLAF'S KYRKJE – EI ENGELSK KYRKJE I NO

## Engelsk-kirke

### i Balestrand 125 år.

18. juli 1897 blei den nye St. Olaf's kyrke i Balestrand formelt opna. Kyrka vart vigsla av den anglikanske prosten i Durham, med fullmakt frå biskopen av Gibraltar. For å forstå kvifor "engelskkyrkja" blei bygd her, må vi gå til 1888. Det året kom Margaret Green, engelsk prestedotter og fjellklatrar til Vest-Jotunheimen. Mellom anna besteig ho Store Styggedalstind. Ho skreiv om denne krevjande turen i Den Norske Turistforening si årbok for 1888. Den sommaren møtte ho Knut Kvikne, som dreiv Kviknes Hotel saman med bror sin. Alt i 1872 hadde det vore anglikansk gudsteneste på hotellet. Etter kvart voks det fram ein tanke om å byggja ei «engelskkyrkje» for det aukande talet av engelske og amerikanske besøkande til bygda.

Margaret viste stor interesse for kyrkjebyggingsprosjektet. Ho heldt gudstenester som «lekmann» på hotellet og overtalte folk til å gi pengar til bygginga av kyrka. Margaret fekk ikkje oppleve ferdigstillinga av kyrka. Margaret døydde i ein influensa-epidemi 24. januar 1894. Berre to dagar tidlegare fekk ho sin siste nattverd. På dødsleiet til Margaret lova Knut å fullføra bygginga av Engelskkyrkja.

Knut heldt fram arbeidet med byggeplanane. Allereie i oktober

1896 blei grunnsteinen for St. Olaf's kyrke lagt ned. Søndag 18. juli 1897 var det offisiell opning og vigslle av kyrkja. Frå no av var det gudstenester i kyrkja og ikkje lenger på Kviknes Hotel. Hotellet tilbydde gratis opphold for det stadig aukande talet av prestar som kom over frå England. Under 1. verdskrigen kom det ingen engelske prestar, men ved hjelp av bygdefolket blei kyrkja godt passa på og halden ved like. Sommaren 1919 byrja turistane å koma attende til Sognefjorden, og dei engelske prestane kom på ny til St. Olaf's kyrke. Med unntak av under 2. verdskrig og dei siste to somrane, har det vore halde gudstenester med prestar frå Church of England kvar sommar.

Engelskkyrkja har opne dører heile sommaren. Her er gudsteneste kvar sundagsmorgen, og kveldsbøn kvar tysdag, torsdag, laurdag og sundag. Gudstenestene er på engelsk, og det er prestar frå Den engelske kyrkja som tek seg av tilbodet i kyrkja gjennom sommaren. Elles i året brukar Balestrand kyrkjelyd kyrkja til skulegudstenester og nokre andre gudstenester.

(Denne artikkelen er skriven av John Roden. Det er ei forkorta utgåve henta frå heftet *Balestrandingen*, utgjeve av Balestrand sogelag 2020. Attgjeve og forkorta med løyve.)



### Helgetorsdag 26. mai 2022 kl 11:00

Kl 11:00: Jubileumsgudsteneste i St Olafs kyrke  
Med biskop David Hamid (Diocese in Europe) og  
biskop emeritus Ole D Hagesæther.  
Det vert sett opp høgtalarar utanfor kyrkja for dei som ikkje får plass inne.

### Kl 15.30: Ope møte i Kviknesalen

Mellan anna: Miniforedrag om St Olafs-kyrkja,  
ved John Roden.

### Vener av St. Olafs kyrke

Veneforeininga vart skipa i 2009 med det føremål å ta eit lokalt ansvar for vedlikehaldet av engelsk-kyrkja. Dette har utan tvil vore rett, då det har utløyst eit stort engasjement for å ta vare på dette kulturminnet på beste måte. I desse åra har vi samla inn og brukta kr 1 650 000 på vedlikehald av kyrkja.

### Vi har 140 medlemer

Du kan verte medlem ved å betala kr 250,- til  
3705.12.50533 - Vener av St. Olafs kyrke

'OREG



Foto: Eirik Thue



Gudsteneste  
i St. Olaf.

Foto:  
Jostein Risa



Frå Via lucis – håpsvandringa.

Illustrasjon: © Magne V. Kristiansen 2022. [www.adfontes.no](http://www.adfontes.no)

## Krossvandring og håpsvandring


12. mars 2020 vart det bråstopp for gudstenester, som det det òg vart for mykje anna. Dette var tre veker før påske. Og påsken vart annleis. Men sjølv om ein ikkje kunne koma til gudsteneste, var likevel påskebodskapen midt mellom oss, synleg til stades. For den som gjekk håpsvandringa, Via Lucis, lysvegen, sto gleda over oppstoda i brennpunktet. Og håpsvandringa, med tekst og bilete, fekk sokneprest Kjetil Netland og biletkunstnar Magne V. Kristiansen i stand på berre tre veker.

Vandringar med bibelske tekstar og bilete frå påskehendingane har lange tradisjonar i kyrkja. Det byrja i Jerusalem der pilegrimar gjekk same veg som Jesus vart ført – smertevegen, Via Dolorosa. Seinare blei dette òg teke opp i Europa, då med vandringa i Jerusalem som føredøme.

Tradisjonen med krossvandringar er levande òg i vår tid. Då Kjetil var sokneprest i Lærdal på nittitalet,


arrangerte han krossvandring i Vindhellavegen på langfredagar. Seinare vart han merksam på at det òg hadde blitt tradisjon med ei vandring med Jesu oppstode i brennpunktet – Via Lucis. Difor sto han i bresjen for at ei lokal Via Lucis-vandring vart sett opp ved Tjugum kyrkje til påske 2019. For begge desse vandringane – Via Dolorosa og Via Lucis – har det danna seg tradisjonar for kva bibeltekstar som blir tekne med på dei ulike stasjonane. Tekstutvalet i krossvandringar er eit uttrykk for det felleskristelege og kan vera samlande for kristne i ulike tradisjonar.

Ei slik vandring blir gjerne meir innhaldsmetta om stasjonane er illustrerte. Kanskje har du sett teikningane borna får når dei skal aktivisera seg med noko under gudstenesta. Det er Magne som står bak desse og det er frå Kjetil si tid som prest i Stryn at dei kjenner kvarandre.



Frå Via dolorosa – Krossvandringa. Illustrasjon: © Mag

Attende til 12. mars 2020 då «Noreg vart stengt ned»: Utan gudstenester kunne likevel ei håpsvandring løfta fram påskebodskapen. Med utgangspunkt i Via Lucis-stasjonane frå 2019 fekk Kjetil og Magne ordna med ei vandring som var klar til påske. I denne vart det teke utgangspunkt i det materialet dei alt hadde, men dei ville gjerne at stasjonane skulle vera så bra at det òg kunne skapa interesse hos andre kyrkjelydar – og slik gjekk det. Då soknerådet la tekstar og bilete i Via



Magne V. Kristiansen 2022. www.adfontes.no

Lucis-vandringa ut for sal, vart over 50 eksemplar av serien selt.

Dermed visste dei at håpsvandringa hadde ei form det var interesse for, og på vårparten i 2021 byrja Kjetil og Magne arbeidet med ei krossvandring - Via Dolorosa. Tekstane er frå Bibelselskapet si 2011 omsetjing og «Lukas - lett å lesa» frå 2020. Til denne serien har Magne laga illustrasjonar der ein kan følgja fleire personar frå bilet til bilet. Det gir dynamikk og

nærleik til hendingane. Serien vart ferdig til påske i fjor.

Slik kunne no soknerådet by fram materiell både til Via Dolorosa- og Via Lucis-vandringar, og det er selt rundt 120 seriar totalt. Overskotet på 50 000 kroner har gått til misjonsarbeid mellom fulanifolket i Mali, eit arbeid Det norske misjonsselskap, NMS, driv. Dette er same organisasjon som Balestrand sokn har misjonsavtale med.

I 2020 var det kun tre veker frå 12. mars til påske, men det var alt Kjetil og Magne trong for å få ut ei håpsvandring. Utan at dei kunne sjå det på førehand, var arbeidet som alt var lagt ned i påskevandringar ein nøkkel for realisering av eit initiativ som har gjort påskehendingane levande for mange.

*Helge Eilifsen*  
Tekst

# Ei drope vatn gjev håp i tørken

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust av kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

## Fasteaksjonen lokalt

Sokneråda i dei ulike sokna arrangerer fasteaksjonen lokalt, der konfirmantane og deira føresette er aktive med å samle inn pengar og vere sjåførar. Tysdag 5. april er innsamlingsdagen, dei fleste stader frå kl. 17. Viss du vil vere med å bidra som frivillig bøsseberar, så høyrer vi gjerne frå deg! Sogndal har vakse seg stort og vidt, og det kan vere vanskeleg å nå ut til alle husstandar!

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.


Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruksoppsettet sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrare avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færraste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet piplar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøngt om



Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yi

plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvider jordbruksarealet sitt, forklarer han.

Etter at bøndene vart med i



– er yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.

prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiane deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjas Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam.



Måten Kyrkjas Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.

Nye metodar:  
Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakåkeren sin.

Anette Torjusen  
Tekst  
Håvard Bjelland  
Foto

# Tek steget frå lærar til diakon

I mange år har Guri Høstaker Nordheim arbeidd som lærar både i Sogndal og no i Askvoll. Men eit bankande hjarta for sjelesorg har fått ho til å setja seg på skulebenken att.

I tre veker har Guri vore i praksis hjå soknediakonen i Sogndal, og har fått prøva seg på ulike oppgåver som ligg til ein diakon. Om tre år skal Guri levera masteren sin i diakoni.

## - Læra nytt

- Etter å ha arbeidd som lærar i mange år er det fint å få ta ei vidareutdanning. Så kom trangen til å læra noko nytt. Det er eit privilegium å få læra noko nytt. Å få sjansen til det, er heilt fantastisk, seier Guri, som deltok på Tysdagstreffet i kyrkjelydshuset første tysdag i november. Ho fortalte om studiet ho byrja på for eitt år sidan og kva arbeidet går ut på.

I tillegg til å vera lærar, har Guri også arbeidd som trusopplærar i Leikanger for nokre år sidan. Guri voks opp i Dale, og flytta nesten heim att då mannen Kjell Olav Høstaker Nordheim vart tilsett som sokneprest i Askvoll.

## Gav kveik

- Kvifor vil du gå frå læraryrket til diakon?

- Diakoni går på å gje omsorg for menneske i ulike situasjonar i livet deira. Eg er særskilt oppteken av menneske. Sjelesorg opptek meg mest, det gjev meg mykje å vera i fellesskap med andre menneske, og me får så mykje att, fortel Guri. Men læraryrket er òg svært meiningsfullt, så det kan godt henda



*OMSORG: - Eg får mykje att i å vera i fellesskap med andre, og det er mykje omsorg, seier Guri Høstaker Nordheim, som i fjar byrja på det fire år lange deltidstudie som diakon.*

eg i framtida også vil ha ein «fot» innanfor skulen.

For nokre år sidan tok ho 10 studiepoeng ved Modum bad i sjelesorg.

- Der fekk eg læra meir og det gav meg kveik til å gå vidare på diakonistudiet. Me ser stadig oftare kor viktig det er for alle å ha nokon å snakka med, vera ei støtte og visa omsorg for menneske i ulike situasjonar.

## Deltidsstudent

Guri studerer ved sidan av arbeidet sitt som kyrkjelydspedagog i Askvoll, samstundes som ho òg arbeider litt som lærar i Askvoll. Ho går på eit deltidstudie over fire år ved VID vitskaplege høgskule, ei

samanslåing av Misjonshøgskulen i Stavanger, Haraldsplass diakonale høgskule i Bergen, Høgskulen Betanien i Bergen og Diakonhjemmet i Oslo og Sandnes. Studiet er eit fellesprogram i samarbeid mellom VID og Menighetsfakultetets vitenskaplege skule.

- Dette er eit særskilt flott studie, seier Guri. Dei har samlingar, men i desse koronatider har all undervisning vore digitalt.

- I haust hadde me den første samlinga vår i Oslo, og det var kjekt å møta medstudentane mine, avsluttar Guri.

*sigrid svartefoss*  
Tekst og foto



Jorunn Høines finn seg godt til rette ved flygelet i Tjugum kyrkje



Laila Vang på orgelkrakken i Sæle kyrkje.  
Ein skal vera trygg på kvart ledd i liturgien.

## Nytilsette kyrkjemusikarar i Balestrand sokn

Jorunn Andrea Høines og Laila Vang vart i haust tilsette som kyrkjemusikarar i Tjugum sokn. Begge er godt kjende for kyrkjelyden - Jorunn hadde stillinga for nokre år sidan og Laila har vikariert ved fleire høve.

Som nemnt tidlegare i kyrkjelydsbladet tok dei over etter Miguel Espinoza som har teke til som organist i Førde. Når dei nyttilsette kan fordela gudstenestene seg imellom, er det lettare å kombinera med anna arbeid. Og dei er heller ikkje bundne opp til oppdrag på vyrkedagar; desse vil Hallgeir Øgaard Westli ta. På dette viset meiner begge at det er lagt gode råmer som dei håpar vil slå positivt attende på organisttenesta.

Laila vaks opp i ein song- og musikkglad familie og det fall naturleg for henne å ta del i dette. Ho likar korsong og har vore med i fleire kor opp gjennom åra. Av instrument kjem ho stadig attende

til piano - både som soloinstrument og til akkompagnement. Men ho går ikkje av vegen for å øva inn og ta i bruk andre instrument. Det kjem elevane på kulturskulen til gode, for der har ho engasjement som musikklærar. For tida blir det difor ein del timar med tverrfløyte.

Orgelet blir gjerne kalla dronninga mellom instrumenta, og Laila seier at å sitja på orgelkrakken og la kyrjeskipet bli fylt med orgeltonar er ei mektig oppleveling. Men særleg i Tjugum er avstanden mellom organist og kyrkjelyd stor, og for at ho skal vera i kontakt med songen, ser ho helst at ho har forsongarar på galleriet slik at salmesong og orgel er i takt.

Song og musikk har også følgd Jorunn frå barndommen av. Åra på Kongshaug musikkgymnas gav rom til øving, og syn for kva musikk kan gi både musikar og lyttar. Å dyrka musikkinteressa er for Jorunn både ei gåve og ei oppgåve. Ei gåve, sidan musikk og song for henne gir

meining og glede, og ei oppgåve, ved at ho tek det med seg inn i lærargjerninga og organisttenesta.

Erfaring som lovsongsleiar frå Misjonssalen i Oslo er verdfull ballast i tenesta som kyrkjemusikar. Det er gjerne slik at tekstinhald og melodi kan forsterka einannan, og då er det givande om det fungerer slik at kyrkjelyden viser med songen at bodskapen går heim. Solosong ligg Jorunn nær, og ho syng gjerne med eige tonefølgje på klaver.

Kyrkjelyden er takksam for at Jorunn og Laila har teke denne utfordringa og mange gler seg over musikken dei gir, og dette er tosidig: Dei ønskjer framleis god song, og ein kyrkjegjengar som er open for nye taktar.

**Helge Eilifsen**  
Tekst og foto



Vikarprest Geir Sørebø lyser velsigninga over kyrkjelyden i Tjugum kyrkje 21. nov. 2021

## Velsigninga

Gudstenesta blir avslutta ved at den aronittiske velsigninga blir lyst over kyrkjelyden. Dette er ord som talar til oss; gode å høyra og vel verdt å reflektera over.

Me finn ho i 4. Mosebok 6, 24-26. For samanhengen sin del blir òg dei to føregåande og verset etter teke med her:

Herren sa til Moses: Du skal tala til Aron og sònene hans og seja til dei: Når de velsignar israellittane, skal de seja:

*Herren velsigne deg og vere deg!  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!*

*Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!*

Når dei såleis legg mitt namn på israellittane, vil eg velsigna dei.

I jødisk tradisjon har velsigninga vore høgakta, både i gammaltestamentleg tid og seinare i synagogegudstenesta. Men først

under reformasjonen vart ho teken inn i den kristne gudstenesta. Det skjedde i 1523, og Luther si grunngjeving var at Jesus velsigna læresveinane då han vart teken opp til himmelen, og slik kunne det òg høva å slutta av gudstenesta.

Sjølve velsigninga er ramma inn av ord frå Herren, det gir tyngd og autoritet.

Dei tre linjene i velsigninga er innhaldsmetta og velformulerte. Med verb i konjunktiv – me finn det att i uttrykket «måtte det gå deg vel» – ligg det eit ønskje om at det som blir sagt må skje. Med Herren som den handlande er det Gud sjølv som råder over velsigninga.

*Herren velsigne deg og vere deg!  
Livet er ei gåve som skaparen har omsut for og vil verna.*

*Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!*

Han som råder for alt og vil deg vel, kjem til deg med nåde – det treng me alle, om me møter sorg eller kjenner på glede.

*Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!*

Herren ser til hjarta og gir fast grunn under føtene til den som innser at eige verk ikkje held. Og han byr oss sin fred – det gir velsigninga djupn.

Det er i tråd med *sin* vilje Gud velsignar – orda kan ikkje nyttast som eit magisk trylleformular. I den aronittiske velsigninga erfarer me såleis kor stor Herren er og kor avhengig livet er av han. Men Herren Gud ser oss og vil ikkje forlata den som held seg til han, ja, han vil gjerne velsigna, gi nåde og fred.

*Helge Eilifsen*  
Tekst og foto



## Gudstenester i påska 2022

### 10. april - Palmesøndag

Fjærland kyrkje	kl. 11.00	-	Gudsteneste
Fjordtun oppvekstsenter	kl. 11.00	-	Gudsteneste

### 14. april - Skjærtorsdag

Ølmheim kyrkje	kl. 11.00	-	Gudsteneste
Sogndal helse- og omsorgssenter	kl. 12.00	-	Gudsteneste
Leikanger kyrkje	kl. 19.00	-	Gudsteneste
Stedje kyrkje	kl. 20.00	-	Gudsteneste

### 15. april - Langfredag

Kaupanger stavkyrkje	kl. 11.00	-	Pasjonsgudsteneste
Tjugum kyrkje	kl. 11.00	-	Pasjonsgudsteneste
Leikanger kyrkje	kl. 19.00	-	Pasjonsgudsteneste
Stedje kyrkje	kl. 20.00	-	Pasjonsgudsteneste

### 17. april - Påskedag

Stedje kyrkje	kl. 11.00	-	Høgtidsgudsteneste
Leikanger kyrkje	kl. 11.00	-	Høgtidsgudsteneste
Sæle kyrkje	kl. 11.00	-	Høgtidsgudsteneste

### 18. april - 2. påskedag

Fjærland kyrkje	kl. 11.00	-	Høgtidsgudsteneste
Kaupanger stavkyrkje	kl. 19.30	-	Høgtidsgudsteneste

### 24. april

Stedje kyrkje	kl. 11.00	-	Gudsteneste. Påskefest for alle
Ølmheim kyrkje	kl. 11.00	-	Gudsteneste. Påskefest for alle
Tjugum kyrkje	kl. 11.00	-	Gudsteneste
Kaupanger stavkyrkje	kl. 14.00	-	Gudsteneste. Påskefest for alle
Leikanger kyrkje	kl. 17.00	-	Gudsteneste. Påskefest for alle

# 60 born ventar – dei treng ein familie no!

**Mange born treng fosterheim. I desse dagar er det rundt 60 born i Rogaland og Vestland som ventar på ein heim. No går Bjørgvin bispedøme, Fosterheimstenesta i Bufetat og den diakonale, ideelle stiftinga CRUX saman om å informere i ulike kyrkjelydar om det store behovet det er for fleire fosterheimar. Dette ynskjer Bufetat i region vest velkommen.**

– Heldigvis er det mange gode fosterheimar i vår region, men vi treng framleis mange fleir. Eg veit at det er mange gode og omsorgsfulle familiar i kyrkjelydane i fylket, seier Mallin Østerhus, einingsleiar i Fosterheimstenesta i Bufetat region vest.

Ho seier vidare at Bufetat har eit godt samarbeid med nokre private aktørar, mellom anna CRUX, som jobbar med rekruttering og oppfølging av forsterka fosterheimar.

## Verdas viktigaste jobb

– Å vera fosterheim er å vera der og stille opp for born som treng det mest. Det er vel ein av dei viktigaste jobbane vi kan ha her i verda? For eit barn som har hatt det vanskeleg, kan det å få oppleva heilt vanlege ting gjera ein stor skilnad. Ein omtenksam og varm familie kan gje rammer og tryggleik, slik at barn kan vera barn. I CRUX jobbar vi med forsterka fosterheimar for dei mest sårbare borna, der ein voksen får godtgjering tilsvarende 100% jobb. Familiene våre får tett oppfølging og rettleiing, og er i ein fellesskap med andre fosterheimar som gjev støtte og tryggleik, seier fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås



i CRUX hjem - Bergen.

– Vi treng ulike heimar, fordi borna har ulike behov, seier Hege. Det finnест også andre typar fosterheimar, mellom anna kommunale fosterheimar som får oppfølging av den kommunale barneverntenesta. Det er difor viktig at familiar som er nysgjerrige, og som vil høre meir om fosterheimar og kva dette innebér, tar kontakt. Så kan vi saman finne ut om dette er noko for din familie.

## Kyrkja ein døropnar i rekrutteringsarbeidet

I ein ambassadøravtale med Barne- og familielidirektoratet (Bufdir) har kyrkja forplikta seg til å vera med på ein felles dugnad for å rekruttere fosterheimar. No vil diakonane i Bjørgvin bispedøme samarbeide med Fosterheimstenesta og CRUX om dette, i håp om å kome i kontakt med familiar som vil høre meir om dei sårbare borna og kva det vil seie å vere fosterheim.

– Vi er glade for at dette samarbeidet er tatt så godt imot. Diakonane er positive og vil informere ut om det store behovet for fosterheimar på sosiale medium



Fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås.

og kyrkjelyden si nettside. I tillegg vil dei legge til rette for at CRUX og Fosterheimstenesta i Bufetat kan besøke kyrkjelydane og fortelje kva det innebér å vera fosterheim for born som treng ein ny familie. Dette ser vi fram til, seier Gjeitrem Kulsås.

## Nysgjerrig? Ta kontakt!

Vil du vite meir, har spørsmål eller berre er litt nysgjerrig på kva det vil seie å vere fosterheim i CRUX, kan du ta heilt uforpliktande kontakt med oss. Du kan også lese meir om vårt arbeid på våre nettsider [stiftelsencrux.no](http://stiftelsencrux.no). Følg gjerne «CRUX hjem» på sosiale medium, både på Instagram og Facebook, avsluttar Hege med eit smil.

**CRUX**

Tekst og foto

## Orgelkonsertar i stedje kyrkje

Etter eit par år med pandemi og lite aktivitet på konsertfronten, er det ei glede å endelig kunne invitere til nokre orgelkonsertar i Stedje kyrkje ved våre organistar Arild Slinde og Hallgeir Øgaard Westli.

**Torsdag 30. mars kl. 19.30**  
vert det konsert med Arild Slinde, kantor i Stedje, Ølmheim og Kaupanger kyrkjer.

**Torsdag 28. april kl. 19.30**  
vert det konsert med Hallgeir Øgaard Westli, kantor i Leikanger og Fjærland kyrkjer. Han vil spele musikk av mellom anna Johann Sebastian Bach, Johannes Brahms og Alexandre Guilmant.

Allereie no kan du òg sette av **laurdag 12. desember kl. 18.00**. Denne dagen er det 200 år sidan den franske organisten César Franck blei fødd, og dette blir markert med ein orgelkonsert ved Hallgeir Øgaard Westli.

Billettar til konsertane kostar kr. 200,- og dei får du kjøpt via våre nettsider, [www.sogndalkyrkja.no/kultur](http://www.sogndalkyrkja.no/kultur) eller på TicketCo, <https://sogndalkyrkje.ticketco.events/>. Det vert og høve til å kjøpe billettar i døra.



*songseminar  
på Stedjetunet  
23. april med  
Sølvi Hopland*

Kyrkjerådet bevilga såkalla corona-midlar til sokneråda sitt frivilligarbeid. Pengane er ein kompensasjon for tapte arrangement og meirkostnad til smittevern, og som motivasjon til å skipa arrangement når samfunnet igjen vart opna. 4 av sokneråda i Sogndal vart einige om at diakoniutvalet kunne ta ansvar for å skipa til eit fellesarrangement med bruk av desse midlane.

Dette er bakgrunnen for at det **laurdag 23.april** vert skipa til eit seminar kl. 14 til 17 på Stedjetunet med songaren og formidlaren Sølvi Hopland. Ho vil ha eit songseminar som omhandlar «lys i livet, midt i sorga». Med eigen erfaring formidlar ho kva som kan gi håp og trøyst når livet endrar seg og ikkje vert som ein har tenkt eller drøymt om. Ho vil veksla mellom song og forteljing, og vi får høve til å kjøpe hennar CD og bok. Det vert lagt opp til god kaffipause og høve til samtale og drøfting. Merk datoen!

TA GODT IMOT BØSSEBERARANE 3.-5. APRIL

Gje fleire barn som Alefa reint vatn og ei framtid

For 250 kr gjev du eit menneske varig tilgang til reint vatn

VIPPS til 2426  
eller gje til konto 1594 22 87493

fasteaksjonen 2022

KIRKENS NØDHJELP  
octalliance

Velkommen til leirar på Nesholmen i 2022

Kanskje fristar ein barneleir eller aktivitetsleir eller kva med gamingleiren !!

Årets leirar vert arrangert på vakre Nesholmen leirstad i Hyen. Her har vi mange fasilitetar for å få ein flott leir og vi håper verkeleg at du kjem. Trykk på QR-koda her så kjem du til ei heimeside der all informasjon og påmeldingslinken ligg.

VELKOMEN :-)

## Balestrand sokn



Laurdag 23. april er alle som er fødde i 2013 og 2014 inviterte til Tårnagentdag i Tjugum kyrkje. Her blir det mange spennande oppdrag for unge agentar.



Søndag 24. april vert det Familie-gudsteneste med deltaking av Tårnagentane og utdeling av diplom til Minikonfirmantane.



### SAMTALEGRUPPE FOR UNGDOM

Samtalegruppe for ungdomsskulen annakvar onsdag kl 19.30-21.30 heime hos familien Risa i Fjærstad 42. Velkommen 23.03, 06.04, 20.04, 04.05, 18.05, 01.06 og 15.06! Kom gjerne innom eller ta kontakt med Magni (466 97 476) om du ynskjer ein prat.



**Nestenåring (5.-8. klasse) –**  
Fredagsklubb på Bedehuset kl 18-20 desse fredagane: 1. april, 6. mai og 10. juni.



**Ung Messe** i Tjugum kyrkje kl 20.30 torsdag 28. april. Dette er ei kreativ gudsteneste av, med og for ungdom.

**Ungdomskveld på Bedehuset**  
kl 19-24 fredag 13. mai for elevar på ungdomsskulen og vgs. Kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemning!

### Velkomen på

- KRIK (14-20 år) kl 16.30-18 på bana eller i Belehalli kvar fredag.
- Elevstyrte Lagsmøte på ungdomsskulen i matfriminuttet kvar tysdag.
- Kveldsmøte i møtesalen på Sygna vgs. kl 20 kvar torsdag.



**SommerTreff Sygna (13-16 år)**  
Alle som går på ungdomsskulen eller skal opp i 1. kl vgs er velkomne på Sommartreff på Sygna vgs i Balestrand onsdag 22. juni til søndag 26. juni. Dette er ein leir med god undervising og mange artige aktivitetar.

Påmeldinga startar 1. april.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med Henning på [hsagevik@sygna.vgs.no](mailto:hsagevik@sygna.vgs.no)

### Kontaktinformasjon

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand, ta kontakt med kyrkjelydspedagogen.

**Magni Åm Risa**  
**466 97 476**  
[magni.risa@sogndal.kyrkja.no](mailto:magni.risa@sogndal.kyrkja.no)

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

# tak i våre sokn i 2022

## Stedje, Kaupanger, Leikanger, Norum og Fjærland sokn



### 11-årsbok:

Fekk du ikkje høve til å kome på gudstenesta der me delte ut bibelboka til dei som fyller 11 år i 2022? Kom gjerne innom kyrkjekontoret og hent deg ei bok. Ved spørsmål: Ta kontakt med trusopplærar Birte



### Påskefest for alle, med utdeling av 6-årsbøker:

- Stedje: 24. april kl. 11.00
- Ølmheim: 24. april kl. 11.00
- Kaupanger: 24. april kl. 17.00
- Leikanger: 24. april kl. 17.00

### Blomstergudsteneste med utdeling av 6-årsbok og arbeidshefte:

- Fjærland: 19.juni kl. 12.00

### SKULESTARTGUDSTENESTER med utdeling av arbeidshefte til 6-åringane. 14. august

- Stedje: Kl. 11.00
- Kaupanger: Kl.16.00
- Leikanger: Kl.17.00



### Hausstakkefestar med utdeling av 4-årsbok:

- Fjærland: 25. september kl. 11.00
- Kaupanger: 25. september kl. 11.00
- Stedje: 2. oktober kl. 11.00  
(4-åringar fødde juli-desember 2018) Stedje barnehage deltek med song.
- Ølmheim: 2. oktober kl.11.00. Her vert også 6-åringane inviterte til å få arbeidsheftet sitt.
- Leikanger: 2. oktober kl. 17.00.



Tårnagentdag for 8-åringar vart utsett hausten 21. I staden inviterer me BÅDE 2014- og 2013-kulla til TÅRNAGENTDAG laurdag 22. oktober.

- Følg med på nettsidene våre for meir informasjon!



LYS VAKEN-helg for 11- og 12-åringar: 19. - 20. november.

- Sidan det ikkje vart Lys vaken i 2021, slår me saman to kull til dette. Det vert kyrkjekino, feiring av det nye kyrkjeåret på forsot, og me overnattar i ei kyrkje. Sett av helga!!

### Førjulskino for 10-åringar

10-åringar vert inviterte til kyrkjekino laurdagskvelden i lag med Lys Vaken-gjengen



### Sprell Levande gudsteneste Stedje kyrkje 30. oktober kl. 11.00

- 5-åringane vert særskilt inviterte: Får ei lita helsing.

### Kontaktinformasjon

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltak i sokna Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland, ta kontakt med trusopplærar

Birte Husum

947 98 799

Birte.Husum@sogndal.kyrkja.no



## Ynskjer du å vere frivillig medarbeidar i Trusopplæringa?

**I alle 5 sokna treng me frivillige medarbeidrarar for at me skal få til å samle born og unge på ein god måte.**

Det er no starta opp Småtrolltrall for 1-3-åringar på Stedjetunet. Me ynskjer også å starte dette i Kaupanger og Leikanger sokn, men treng då hjelp hjå dykk som hører til i desse sokna.

Me har som mål å starte opp eit godt juniorkonfirmantarbeid for 11-13-åringar. Her trengs det også

gode medarbeidrarar som kan delta praktisk og/eller pedagogisk for å lage gode samlingar. Kanskje er du ein pensjonert lærar eller førskulelærar, eller du likar å lage mat? Kanskje har du ungar i aldersgruppa og kan tenke deg til å bidra med ymse for at dei skal finne sin plass i kyrkjelyden?

Ta kontakt med trusopplærar Birte Husum for ein uforpliktande samtale om du har tankar kring det å bruke dine evner i dette viktige arbeidet. Me ynskjer at dei frivillige skal få vere med på ein måte som kan vere kjekk og utviklande for dei sjølve,

samstundes som dei kan kjenne at dei er med på noko givande i barne- og ungdomsarbeidet. Her kan me byggje bru mellom generasjonane, og me kan saman byggje kyrkjelyden og vere med å forme arbeidet sjølve.

Håpar på mange fine samtalar om dette framover!

Helsing  
**Birte**,  
telefon 947 98 799.

**Bo Mathisen**  
foto




# BARNAS

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.

Kva skjuler seg her?



– Eg vil kjøpe ein hatt.  
– Veit du kva storleik du brukar?  
– Nei, men eg tok med hovudet for tryggleiken si skuld.

## Vitsar

Ein mann kom inn på ein bensinstasjon og spurde dama bak disken:  
– Har du ein sånn bustete og morosam liten figur som eg kan henge på spegelen inni bilen?

Dama ropa til mannen sin som var i verkstaden:  
– Lars, det er nokon her som vil kjøpe deg!

## Finn fem feil!

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? Teikning: Kari Sortland



Gje barnebladet  
**Barnas til eit barn**  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på **sondagsskolen.no**  
eller 22 08 71 00



## *Støttespelarene våre:*



57 67 11 11

**SOGN  
KJØLESERVICE**  
**sognkulde.no**



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal  
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no  
www.kontorspar.no

**alliance\***  
—  
**OPTIKK**

**Sogn Synssenter**

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50



**ADVOKATFIRMAET  
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen

**EL-PROFFEN  
JOSVANGER**

Din lokale elektrikar

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

### **GRAVMINNE:**



Optiker  
**Kjell M. Talleraas**

Tlf. 57 67 11 10 og www.optikaren.no

**HOLLEKVE SAG**  
TRE- OG STÅLBYGG

Telefon 90 11 67 83



Byggmester  
**Ingmar Stenehjem**

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52  
www.stenehjembygg.no

**AMFI**  
SOGNINGEN

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



**NORDBOHUS SGN**  
www.nordbohus.no/sogn




**HOLEN INSTALLASJON AS**

SOWNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK



www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



**Sogn Kontorsenter**  
57 67 66 99  
www.sognkontorsenter.no



**solberg**  
el-service



*Telefon heile døgnet:*  
**57 68 14 77**

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes  
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse  
**A1-A-B-BE-T-M146**

Trafikalt grunnkurs

E-post:  
[post@hofslundsengen-trafikkskule.no](mailto:post@hofslundsengen-trafikkskule.no)



**Sognekraft**  
- set krefter i sving

[www.sognekraft.no](http://www.sognekraft.no) - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - [post@sognekraft.no](mailto:post@sognekraft.no)



**ALT INNAN TØMRAR  
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!



**VestlandsHus®**

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

**ncom**

OFFENTLEG GODKJENT  
REINGJERINGSFIRMA  
[www.ncomsogn.no](http://www.ncomsogn.no)



**ingmar fimreite as**

6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331  
[www.fimreite.as](http://www.fimreite.as)

**FS Anlegg as**  
[www.fsanlegg.no](http://www.fsanlegg.no)

**THARASO AS**

## Utleige av bunader

Sogndal

Bygdekvinnelag  
leiger ut bunader til  
konfirmasjoner og  
bryllaup.

Ta kontakt for bunader  
og pris.

**Laila Låven**  
**90 60 24 69**



**dyreklinikken**  
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00  
Tys og ons: 08.00 – 11.00  
Tor og fre: 09.00 – 12.00

Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

**VANNES REVISJON OG REKNESKAP AS**

Org. Nr. 912 406 326 MVA  
Brattland 8  
6899 Balestrand  
900 15 991 - [post@revisormhv.no](mailto:post@revisormhv.no)

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

**KIRKENES SOS**  
22 40 00 40

# Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

## DØYPTE

### FJÆRLAND

28.11.21 Sophia Foss

### KAUPANGER

07.11.21 Oskar Aaberge

07.11.21 Mathias Sannebro Ylvisåker

15.01.22 Jakob Vangen Hauståker

23.01.22 Nora Vedvik

23.01.22 Ylva Oleane Rundsveen Bøtun

13.02.22 Birk Hove

13.02.22 Amalie Brosvik Walaker

13.02.22 Agnes Solsvik Fardal

### NORUM

07.11.21 Ella Næss-Øvretun

07.11.21 Sofie Grøneng

### STEDJE

14.11.21 Vilja Hough Flo

21.11.21 Oda Weltzien Holo

04.12.21 Mille Jansen Kvåle

12.12.21 Tallak Øyre Elvagjeng

15.01.22 Ole Håkon Gunvoradal

15.01.22 Gjermund Husum

15.01.22 Jakob Husum

15.01.22 Karianne Helvik Tennevoss

06.02.22 Amalie Stenehjem Fylling

20.02.22 Sander Pettersen Sande

## GRAVLAGDE

### BALESTRAND - TJUGUM

10.11.2021 Kjell Trygve Sværen f.1971

12.11.2021 Synnøve Thue Borgersen f.1927

26.11.2021 Kjell Haugen f.1940

10.12.2021 Sigrunn Ytrefjord f.1930

21.12.2021 Kari Lundheim Bjåstad f.1946

### BALESTRAND - SÆLE

16.02.2022 Ingebjørg Lønne Frølich f.1921

### KAUPANGER

05.11.2021 Elfrid Aud Hjelleflat (Bisetjing) f.1934

### NORUM - ØLMHEIM

25.11.2021 Torleiv Øyre f.1928

04.01.2022 Gunnleiv Nornes f.1929

### STEDJE

05.11.2021 Trygve Ness f.1936

01.12.2021 Marie Jørgine Foss f.1940

17.12.2021 Arnlaug Øyna f.1924

22.12.2021 Frank Holen f.1969

07.01.2022 Maria Navarsete f.1932

14.01.2022 Ole E Flåten f.1959

(Kiste sett ned på Kaupanger kyrkjegard)

28.01.2022 Alfild Fritzon f.1935

04.02.2022 Odd Hauglum f.1938

08.02.2022 Inga Synneve Thune f.1927

11.02.2022 Grete Maren Myklestad f.1942

# Konfirmasjonar våren 2022

Med etterhald om endringar. Konfirmantlistene vert også publisert i Sogn Avis.

## STEDJE KYRKJE

### Laurdag 14. mai kl. 11.00

Oda Drageset Ellingsen  
Thomas Bøyum Foss  
Christian Bøyum Foss  
Tale Holum Kjøstvedt  
Elise Angelshaug Venes

### Laurdag 21. mai kl. 10.00

Embla Sæthre Ediassen  
Erle Eithun Nesi  
Erlend Bergheim Johansen  
Fredrik Ylvisåker Vedvik  
Guro Uglum  
Jesper Aaberge Gulbrandsen  
Jonathan Finden Bugge  
Kristina Brekke Hatlevoll  
Mari Berge Ylvisåker  
Mathias Krogh Ravnstad  
Mie Ovrid Loven  
Tirill Mundal  
Maria Skartun Skjeldestad  
Trym Kvåle  
Vilde Liljedahl  
Vilde Kongelf Stadheim  
Anders Resaland

### Laurdag 21. mai kl. 12.00

Aurora Irmelin Larsen  
Embrik Reppen Hålien  
Guro Kristine Hågvar  
Halvard Holm  
Håvard Wathne  
Iver Harberg  
Jakob Husum  
Jonas Årdal Ølmheim  
Kristina Holm Holen  
Mathea Sva Wergeland  
Mathias Solvi Mardal  
Sander Kalvatn Øvretun  
Øyvind Ben-Amor Lien  
Eline Bruland Øygard

### Søndag 22. mai kl. 11.00

Adrian Myklebust Ølnes  
Amanda Nedrehagen Tistel  
Annabel Uglum Jensen  
Elin Hodlekve  
Ida Danielsen Uglum  
Kaia Loftesnes Breilid  
Ken Andre Stadnes  
Linnea Nedrehagen Tistel  
Madelein Flugheim

Malin Gjerde Hofslundsengen

Mia Johannessen Bakke  
Noah Teigen-Bondevik  
Sandra Wolff Bolseth  
Thea Ynnesdal Flåten  
Viljar Eikevik-Rue

## TJUGUM KYRKJE

### Laurdag 14. mai kl. 11.00

Trym Arni Feidje-Baug  
Victoria Grinde  
Tobias Holen  
Malin Christine Ohma  
Søndag 15. mai kl. 11.00  
Janne Nordang Bale  
Michelle Roskaritz Dale  
Elisabeth Flatland Ese  
Braydan Dean Feten-Williams  
Oda Linnea Harkjerr  
Maikel Kleive  
Stein Hallvard Lunde

## ØLMHEIM KYRKJE

### Søndag 15. mai kl. 11:00

Erlend Nornes  
Isak Ølmheim  
Vivian Uglane  
Jonas Haugen  
Maria Naomi Nornes  
Tale Øvereng Ylvisåker  
Tuva Chistensen  
Vilde Christensen  
Johan Reppen Halset

## SÆLE KYRKJE

### Søndag 22. mai kl. 11.00

Synne Sellereite Målsnes

## KAUPANGER STAVKYRKJE

### Torsdag 26. mai kl. 11.00

Andreas Sognnes Austheim  
Emil Knutzen Knagenhjelm  
Jenny Linn Flikki  
Linus Berkvam Osen  
Nikolai Ramstad Bergseth  
Nora Birkeland Meisterplass  
Ronja Hjelmaug Sjøthun  
Sander Osen Låksrud

## LEIKANGER KYRKJE

### Laurdag 4. juni kl. 11:00

Johan Felde Hasund  
Nikolay Einarsen



Even Gjerde  
Jørgen Humlestøl Njøs  
Sanne Cirotzki Stadheim  
Guro Instefjord Brekken  
Andrea Sælid Njøs  
Jessica Norstein-Prince  
Emilie Sørum  
Anne England Husum

### Søndag 5. juni kl. 10:00

Janne Olsmo Oen  
Åsne Gjengedal  
Erlend Ølnes Hamre  
Vegard Nesse Lernes  
Erlend Valvik Menes  
Jennifer Sarah Broomfield Kjørlaug  
Iselin Lunde Bøsterud  
Ingeborg Myklebust  
Aleksander Diaz Eggum

### Søndag 5. juni kl. 12:00

Olve Nesse Takle  
Endre Njøs Verlo  
Kathlen Fossberg  
Sarah Danielsen  
Tuva Husabø-Ese  
Ingrid Ølmheim Husum  
Maria Johanne Karlsen Johansen  
Elise Karine Lunde

## FJÆRLAND KYRKJE

### Søndag 5. juni kl. 11.00

Ida Susanne Supphellen  
Yrjan Tufte  
Amund Mundal Skjelten  
Torjus Barkved (frå Stedje sokn)

# INFORMASJON



## Velkommen til gudsteneste

Med etterhald om endringar.

Følg med på våre nettsider eller våre profilar på Facebook og Instagram for oppdatert informasjon.

*For oversikt over gudstenester i påska og konfirmasjonsgudstenester, sjå side 17 og side 27.*

MARS	29. mai	JUNI	
<b>27. mars</b> Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 Tjugum kyrkje kl. 11.00 Stedje kyrkje kl. 19.30	- Gudsteneste - Gudsteneste - Kveldsgudsteneste	Fjærland kyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 11.00 Stedje kyrkje kl. 19.30	- Samtalegudsteneste - Gudsteneste - Gudsteneste
APRIL	5. juni – Pinsedag	6. juni – 2. pinsedag	
<b>3. april</b> Stedje kyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 11.00	- Gudsteneste - Gudsteneste	Stedje kyrkje kl. 11.00 Tjugum kyrkje kl. 11.00	- Høgtidsgudsteneste - Høgtidsgudsteneste
<b>For gudstenester i påska, fra 10.-24. april, sjå side 17</b>		Kvamsøy kyrkje kl. 12.00	- Fjordgudsteneste – felles gudsteneste for alle sokn
MAI	12. juni	19. juni	
<b>For konfirmasjonsgudstenester i mai og juni, sjå side 27</b>	Stedje kyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 19.00	Kaupanger, museet, kl. 11.00 Tjugum kyrkje kl. 11.00 Fjærland kyrkje kl. 12.00	- Gudsteneste - Gudsteneste
<b>1. mai</b> Leikanger kyrkje kl. 11.00 Stedje kyrkje kl. 19.30	- Gudsteneste - Ung Messe		
<b>8. mai</b> Stedje kyrkje kl. 11.00 Tjugum kyrkje kl. 11.00 Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00	- Gudsteneste - Samtalegudsteneste - Gudsteneste		
<b>17. mai – Grunnlovsdag</b> Stedje kyrkje kl. 09.45 Tjugum kyrkje kl. 10.00 Leikanger kyrkje kl. 10.15 Kaupanger stavkyrkje kl. 10.45	- Festgudsteneste - Festgudsteneste - Festgudsteneste - Festgudsteneste	Stedje kyrkje kl. 11.00 Stølsberg, Veflefjorden (Balestrand) kl. 11.00	- Gudsteneste - Friluftsgudsteneste - Friluftsgudsteneste – felles for alle sokn
<b>26. mai – Kristi Himmelfartsdag</b> St. Olafs kyrkje kl. 11.00	- Jubileumsgudsteneste		

### Konfirmantjubileum for 50, 51 og 52 års-konfirmantar

Sundag 12. juni kl. 11.00 vert det gudsteneste i Stedje kyrkje med jubileum for dei som vart

konfirmerte i 1970, 1971 og 1972.  
Jubileet er felles for dei som vart konfirmerte i Stedje, Kaupanger og

Norum sokn desse åra.

Vel møtt!

